

Saksprotokoll 28.05.2020 - fylkesutvalet

Sigbjørn Framnes (Frp) sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

Forslag fremmet i SAMO: Fylkestinget i Vestland sluttar seg ikkje til framlegget om å heve bompengetakstane for Førdepakken, og ber om at ein reduserer prosjektporeføljen for å få ned kostnadane i pakken, slik føresetnaden var i bompengesøknaden frå 2013.»

Marthe Hammer (SV) sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt punkt 2:

2. Både kostnadssprekk og inntektsvikt viser behovet for ei debatt om Førdepakken der dei einskilde tiltaka vert sett i samanheng. Kostnadsprekkjen og inntektsvikten gjer det nødvendig å få fram oppdaterte trafikkanalyser der det vert teke omsyn til klimatiltak, utvikling i kollektivtilbod og teknologiutvikling. Og der det vert lagt til grunn at fleire skal gå og sykle i Førde sentrum i framtida.»

Avrøysting

Framnes sitt forslag fekk 4 røyster (FNB, Frp) og fall.

Innstillinga fekk 13 røyster (A, H, Sp, SV, MDG, KrF, V) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Hammer sitt forslag fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstilling til fylkesting

Fylkestinget i Vestland sluttar seg til framlegget om å heve bompengetakstane med 4 kroner for taksgruppe 1 og 7 kroner for taksgruppe 2 for Førdepakken.